

Til

Alver kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Fammestad 20. februar 2022

sak 21/6449

Innspel til

Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv for Alver 2023- 2035

Eg vil med dette be Alver kommune arbeida for at folk i Nordhordland skal få eit profesjonelt drive regionmuseum og magasin snarast råd i Nordhordland. Dette er høgst nødvendig for å ta vare på og formidla den immaterielle og materielle kulturarven til regionen som lir under å vera spreidd for alle vindar. Her må kommunen vera sitt ansvar bevisst, og syta for at den kulturelle identiteten for den framtidige Alver-borgaren blir noko anna enn utvaska bergensarar. Stoltheita til strilen ligg i handverket, i form av eigenlaga verktøy, dei tømra bygningane, båtar av ymse slag, bunadane våre, det ligg i stev og slåttar, folketonar og skjemteviser, gåter og soger. Dette må samlast. Dette må takast vare på. Dette må visast fram. Dette må kommunen sørgja for at blir ein heilheit Alver-borgaren kan rakrygga syna fram til sine regiongrannar. Slik er det ikkje i dag. Denne heilheita er eg overtydd om at må byggjast som eit regionmuseum med magasin, lokalisert i Nordhordland!

Beste helsing,
Vegard Eidsheim Eide